

Økonomiplan 2011-2014, m/årsbudsjett 2011

Avdeling : Utviklingsavdelinga

Tenester avdelinga tilbyr (stikkord):

- Rådgeving og forvaltning innan jord-, skogbruk og andre næringar, viltstell, fiskestell, friluftsliv, kulturlandskap, planlegging, miljøvern, byggesak, kart og oppmåling
- Forvaltning av kommunale næringsfond
- Handsaming av søknadar om tilskot, deling, konsesjon, bu- og driveplikt
- Utviklingsprosjekt (t.d. sentrum, næringsutvikling og miljøvern)
- Sekretariat for vilt- og innlandsfiskenemnda, for sektorutval for teknisk, næring og ressurs, for formannskapet i næringsaker og for kommuneplanutvalet
- Overordna planlegging og arealplanlegging
- Reguleringsplanar og bebyggelsesplanar
- Bygge-, utslepps- og delesakshandsaming
- Kartverk, grunnlagsnett og oppmåling
- Adressering, seksjonering

Endring i budsjett 2011 i høve til budsjett 2010 (maks. 1/2 side):

Følgjande betalingsatsar vert føreslege auka:

Gebyr for handsaming av private reguleringsplanar (tenesta er ikkje i sjølvkost): 20%

Gebyr for byggesakshandsaming (tenesta er ikkje i sjølvkost): 5%

Gebyr for kart- og oppmålingsarbeid (tenesta er ikkje i sjølvkost): 5%

Omtale av utfordringar i økonomiplanperioden (maks. 1/2 side):

- Sikre tilflytting og busetjing gjennom gjennom prosjekta Placement og Lys i alle glas
- Ferdigstille reguleringsplan for utviding Gunnarhaugen bustadfelt og Vats bustadfelt og starte sal av tomter
- Vidareutvikle Ål sentrum som tett og triveleg sentrum med urbane kvalitetar
- Oppfølging av revidert strategisk næringsplan
- Sikre naudsynt kapasitet til å ligge i forkant når det gjeld planlegging og utvikling av lokalsamfunnet, dvs å fungere som ei aktiv utviklingsavdeling med god dialog med utbyggjarar og andre aktørar
- Innføring av gardskart og oppdatere digitalt kartgrunnlag, adresse- og GAB-opplysningar for Ål kommune og nytte temakart og kommunen sitt kartsystem meir systematisk for å få til enda meir effektiv sakshandsaming og betre informasjon til brukarane
- Forvalte kommunale næringsfond på ein måte som styrkar næringsliv og busetjing i Ål
- Forvalte naturressursane i Ål på ein berekraftig måte

Økonomiplan 2011-2014, m/årsbudsjett 2011

Driftsutgifter og inntekter innafør ramma:

Teneste:	UTGIFTER i heile 1000 kr				INNTEKTER i heile 1000 kr			
	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014
1001 Politisk leing	10	10	10	10	0	0	0	0
1202 Fellestiltak tilsette	5	5	5	5	0	0	0	0
1206 Andre fellesfunksjonar	1012	1012	1012	1012	-50	-50	-50	-50
2852 Ikkje kommunale vegar ¹	512	512	512	512	-512	-512	-512	-512
3011 Regulerings- og bebyggelsesplan ²	1442	1442	1442	1442	-381	-381	-381	-381
3021 Byggesakshandsaming ³	1270	1270	1270	1270	-1116	-1116	-1116	-1116
3031 Kart- og oppmåling ⁴	1923	1923	1923	1923	-1213	-1213	-1213	-1213
3251 Næringsforvaltning ⁵	548	548	548	548	-548	-548	-548	-548
3252 Næringsstøtte	1986	1986	1986	1986	-1986	-1986	-1986	-1986
3253 Tiltaksarbeid ⁶	5956	5956	5956	5956	-5956	-5956	-5956	-5956
3254 Utbyggingsområde for næringsverksemd	148	148	148	148	-148	-148	-148	-148
3256 Turistinformasjon	123	123	123	123	-123	-123	-123	-123
3291 Landbruksforvaltning ⁷	2070	2070	2070	2070	-772	-772	-772	-772
3601 Vilt- og fiskeforvaltning	96	96	96	96	0	0	0	0
3602 Miljøforvaltning	66	66	66	66	1	1	1	1
3603 Friluftsliv ⁸	686	686	686	686	-686	-686	-686	-686
3604 Miljøprosjekt ⁹	1316	60	60	60	-1256	0	0	0
3851 Allmenn kultur ¹⁰	130	130	130	130	-130	-130	-130	-130
SUM, i 1000 kr	19299	18043	18043	18043	-14878	-13622	-13622	-13622

Merknader til tabellen:

1. Tilskot til private gards- og grendevegar og fjellvegar finansiert frå næringsfondet
2. Omfattar 100% arealplanleggjar, 55% reguleringsplanleggjar og 25% kommuneplanleggjar finansiert over driftsbudsjettet. I tillegg kjem 75% reguleringsplanleggjar finansiert av gebyr på handsaming av private reguleringsplanar og dispensasjonar frå planar. Det er gjort vedtak om at målsetjinga er sjølvkost innan økonomiplanperioden.
3. Tenesta skal drivast til sjølvkost. Utgiftene er større enn inntektene slik at betalingsattsane bør justerast meir enn prisauken. Sjå over.
4. Tenesta skal drivast til sjølvkost, sjå over.
5. Næringskonsulent i 100% vert dekt frå næringsfondet. I tillegg vert .. % avdelingsleiar ført på denne tenesta
6. Gjeld årleg tilskot til m.a. Ål utvikling, Kleivi næringspark, Hallingdal forsøksring og Hallingdal etablerarsenter. Prosjektleiar Hallingdal FOU-hage kr 400' og den årlege potten til næringsutvikling frå utbyggingsfondet på 3,5 mill kr er også med her.

Økonomiplan 2011-2014, m/årsbudsjett 2011

7. Omfattar løn til 100% jordbruksforvaltar, 70% fagkonsulent landbruk og 70 % skogbrukssjef ført på denne tenesta. (30% skogbrukssjef er leigd ut til Hol kommune.) Utgifter til veterinærvaktenesta for Øvre-Hallingdal på om lag kr 600' årleg vert refundert frå staten.
8. Omfattar årleg tilskot til skiløyper fordelt på løypelaga via Ål Utvikling og drift/vedlikehald av sumarfriluftslivstiltak.
9. Omfattar m.utvekslingsprogram mellom Ål og Sololá i Guatemala finansiert av Fredskorpset og MIC-program (internasjonalt kommunesamarbeid) finansiert av KS.
10. Tilskot frå arrangementsfondet.

Mål og ambisjonar innan fokusområda

Fokus-område	Mål for avdelinga	Måle-indikator	Metode	Resultat frå siste måling	Ambisjonsnivå 2011
Medarbeidarar og organisasjon	Godt arbeidsmiljø Kontinuerleg læring gjennom systematisk evaluering av utvalde arbeidsprosessar.	Trivsel Sjuefråver Tal prosjekt evaluert og tal forbetringar i arbeidsmåtar og rutiner iverkset.	Medarbeidarundersøking. Eigen-evaluering med oppfølging		>4.0 < 3% >2 >4
Samfunn	Folketalsauke Fleire gardsbruk og hus med fast busetjing Godt tilbod av byggeklare bustadtomter Meir nærfriluftsliv Oppretthalde dyrka mark Ta vare på verdfulle naturområde	Folketals- endring Tal endring Km stigar og skiløyper Da dyrka Tal da omdisponert	SSB Teljing KOSTRA SSB KOSTRA	+ %	+0.2% 10 nye >10 nær Sundre > 2 i kvar grend 15 km nye 0 endring 0 daa
Tenester	Låg sakshandsamingstid God kvalitet på sakshandsaming. God service/forutsigbar.	Svartid Tal klagesaker pga sakshandsamingsfeil Brukar-tilfredsheit	Teljing Teljing Brukarundersøking	-	Førebels svar innan 3 veker viss ikkje endeleg svar vert gjeve innan 3 veker i meir enn 85% av tilfella <2 tilfelle >4.0
Økonomi	Sjølvkost på tenestene byggesak, planhandsaming og kart/oppmåling. Spleiselag for å sikre eigarskap og ressursar til utviklingsprosjekt i Ål.	Sjølvkost % Tal utviklingsprosjekt med delfinansiering frå andre kjelder enn kommunen.	Rekneskap Teljing	Bygg: 71% Plan: 28% Kart: 43%	Gj sn 100% over siste 4 årsperiode > 5

Sjølvkost-% i 2005, 2006, 2007, 2008 og 2009:

Byggesak: 111% 98% 65% 82% og 71%

Planhandsaming: 8% 36% 23% 24% og 28%

Kart og oppmåling: 87% 51% 77% 79% og 43%